

LINDÅS KOMMUNE
Kvernhusmyrane 41
5914 ISDALSTØDato: 03.05.2019
Vår ref.: 2019/10256-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om dispensasjon for tilkomstveg, oppretting av bustadeigedom og anlegging av privat VA - anlegg - Vatne – gnr. 170, bnr. 4 - Lindås kommune.

Viser til brev dagsett 28.09.18, mottatt 02.04.19 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Me viser også til våre uttaler datert 10.12.2013, 12.12.2014 og 12.06.2015. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Oppsummering av tidligare fråsegn i saka

Hordaland fylkeskommune rådde i frå omsøkte tilkomstveg og parkeringsplass i brev datert 10.12.2013. Dette på grunn av nærføring til eit automatisk freda kulturminne (Askeladden-id 55192) som ikkje er i samsvar med godt vern av eit automatisk freda kulturminne. Fylkeskonservatoren konkluderte den gongen med at tiltaka ville medføre utilbørleg skjemming av bautasteinslokaliteten, og dermed vere i strid med kulturminnelovas § 3.

Etter synfaring på staden fant me likevel å kunne tilrå planlagde vegtrasè, jf brev datert 12.12.2014. Tilrådinga blei gjort på følgjande vilkår:

- Omsøkte parkeringsplass tas ut av søknaden.
- Eksisterande traktorveg rett ved bautasteinslokaliteten tas ut av bruk.
- Ny veg nyttast til alle former for tilkomst til området (hus og jordbruksareal).

Oppretting av tilkomstveg og bustadeigendom

I motekne søknad er tidlegare viste parkeringsplass tatt ut.

Om kommunen finn å kunne tillate tiltaka må følgjande kulepunkt stillast som vilkår i saka.

- Eksisterande traktorveg som ligg ved bautasteinslokaliteten skal tas ut av bruk når det gis midlertidig brukstillatelse (MB) til ny tilkomstveg (tilsvarande om det søkjast om ferdigattest utan MB).
- Eksisterande traktorveg som ligg ved bautasteinslokaliteten skal ikkje brukas som anleggsveg i anleggsperioden.
- Ny veg skal nyttast til alle former for tilkomst, både til omsøkte bolig og jordbruksareal i området.
- Straumtilførsel o.l skal leggjast i tilkomstvegen til huset.

Hordaland fylkeskommune syner til § 3 første ledd i kulturminnelova:

Ingen må – uten at det er lovlig etter § 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.

Me ber ansvarleg søkjar, prosjekterande og utførande vere spesielt oppmerksame på over nemnde føresegn i anleggsfasen. I tillegg minner me om at det heller ikkje er lovleg å lagre massar og utstyr permanent eller midlertidig i eller ved det automatisk freda kulturminnet med tilhøyrande sikringssone.

Privat VA- anlegg

Me viser til innsende kart datert 19.02.2018 der trase for avløp er vist. Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i viste trase. I samband med saka gjennomførte arkeologar ved Hordaland fylkeskommune den 30.04.19 ei kulturhistorisk synfaring i området. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne og potensialet for funn vart vurdert til å vera lågt. Me finn det ikkje naudsynt å gjera ytterligere undersøkingar.

Meldeplikt

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.